



Deltakarar og instruktørar samla i Helgheim ikveld

Det er nok lengje sidan det vart spela lokale slåttar i Helgheim, men når det no endeleg skjer må det seiast å vera på rette staden, Fram til i starten av juni skal det avviklast eit spelemannskurs i det tradisjonsrike lokalet med vekt nettopp på lokale slåttar som ein del av førebuingane for den store folkemusikkveka i haust. Starten var i kveld og dei 8 felelespelarane skal møtast 6 gongar.



[Instruktørane spelar medan kultursjef Kristian Bringedal er lyttar](#)

- Det er trass i alt ikkje så mykje slåttestoff å henta akkurat her og vi kjem nok til å ty til slåttar også frå lenger inne i fjoorden og Voss, seier Arne Draugsvoll frå Herøysund som er musikalsk leiar i det lokale folkemusikklaget og som er med på kurset. Det er ein deltakar frå Uskedalen - Ingunn Kroka - og dei andre er Laila Bokn Seglem frå Seimsfoss, Egil Vaage frå Sunde, Jarle K. Øvrehus frå Mauranger, Liv Signe Ulvestadbakken frå Rosendal, og Idunn Bøyum frå Seimsfoss. Det er også meldt på ein bassist, ein gitarist og 3 trekkspelarar, men dei skal ha eige kurs til hausten i ensemblespel.

Einar Mjøltnes frå Voss og Frank Rolland frå Utne er særst godt kvalifiserte instruktørar for elevane som møtte i kveld. Dei er begge fylkesmusikarar med ei merittliste som kan imponera nokon kvar.

Helgheim vil bli nytta både til dansekveld og konsert under Folkemusikkveka som er i slutten av oktober., nærare bestemt frå 20 til 27.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen